



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2012

Kontrollutvalet



Foto: Asbjørn Ness

Innhold

1	Innleiing	4
2	Samansetting av kontrollutvalet	4
2.1	Kontrollutvalet 2011 - 2015	4
3	Kontrollutvalet sitt formål	5
4	Kontrollutvalet sine oppgåver	5
5	Budsjett og rekneskap	6
6	Revisjon av fylkeskommunen	6
7	Sekretariat for kontrollutvalet	7
8	Kontrollutvalet si verksemd 2012	7
8.1	Møteverksemd	7
8.2	Fylkestingsaker frå kontrollutvalet	7
8.3	Andre saker som kontrollutvalet handsama i 2012	8
8.3.1	Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2012	8
8.3.2	Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt	8
8.3.3	Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2011	9
8.3.4	Revisorbrev 01/2012	9
8.3.5	Prosessane rundt anbodet om båtruter i Florabassenget	10
8.3.6	Forvaltningsrevisjon 2012 – Innkjøp	10
8.3.7	Engasjementsbrev frå SF revisjon IKS for 2012	10
8.3.8	Selskapskontroll 2012 – Eigarskapskontroll av Lutelandet utvikling	10
8.3.9	Forvaltningsrevisjon 2012 – Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar	10
8.3.10	Vurdering av uavhengigheit	10
8.3.11	Oppfølging av utvalet sitt arbeid	10
9	Andre forhold	11
10	Oppsummering	12

1 Innleiing

Det første året for kontrollutvalet i ny periode, 2011 – 2015 har gått med til å få i stand det planverket som lova krev. Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll skal leggast fram for fylkestinget innan året etter val av nytt kontrollutval. Desse planverka kom på plass innan utgangen av 2012, ved vedtaka gjort på fylkestinget i oktober.

I tillegg fekk kontrollutvalet på plass verksemdplan for kontrollutvalet.

Opplæring av nytt utval har også vore sentralt i året som har gått. Utvalet har teke del i eit felles opplæringsopplegg i lag med kontrollutvala i dei andre vestlandsfylka.

Utvalet har også fått gjennomført forvaltningsrevisjonar, arbeid med selskapskontroll og fått gjort det nødvendige arbeidet ved handsaming av rekneskapet for fylkeskommunen.

Kontrollutvalet sine medlemmar deltok i 2012 på konferansar arrangert av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).

2 Samansetting av kontrollutvalet

Kommunelova (KL) kapittel 12 omhandlar internt tilsyn og kontroll samt revisjon. Fylkestinget har det øvste tilsynsansvaret med den fylkeskommunale forvaltninga, jfr. KL § 76. Fylkestinget vel eit kontrollutval til å føre det daglege tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga, jfr. KL § 77.

2.1 Kontrollutvalet 2011 - 2015

For perioden 2011 – 2015 er det valt eit kontrollutval som er samansett slik:

Leiar:	Arve Mjømen (H)*
Nestleiar	Per Rune Vereide (Sp)
Medlemmar:	Kari Maria Rutle Fjærestad (Ap)
	Turid Vassliås Borgund (Frp)
	Kåre Jarl Langeland (V)

*medlem i fylkestinget

Det vart ved fylkestingsvalet 2011 vedteke at kontrollutvalet skulle ha partivise varamedlemer.

Varamedlemer 2011 - 2015:

	Høgre	Senterpartiet	Arbeiderpartiet	Framstegspartiet	Venstre
1	Kari Vikane	Geir Helge Østerbø	Jan Inge Buene	Ørjan Tystad	Elisabeth Normann Leversund
2	Berit Seljeseth Osa	Marit Aafedt Fjærestad	Margunn Masdal	Björg Sølvi Refvik	Merete Kulset
3	Jostein R. Huneide	Iris Loftheim	Anne Marit Oppedal	Arve Glomnes	Jon Ove Lomheim

I det politiske organisasjonskartet er kontrollutvalet direkte underlagt fylkestinget. Dette medfører at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre fylkeskommunale politiske og administrative organ. Det er følgjeleg berre fylkestinget som kan instruere kontrollutvalet.

3 Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Utvalet skal også sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid bidra til at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og at fylkeskommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt fylkestinget sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre fylkestinget som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

Kontrollutvalet sitt formål er å medverke til at fylkeskommunen sine oppgåver vert løyste på ein best mogleg måte i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

4 Kontrollutvalet sine oppgåver

Kontrollutvalet sine oppgåver er heimla direkte i kommunelova kapittel 12 og i forskrift om kontrollutval (forskrifta) fastsett av Kommunal og regionaldepartementet. I forskrifta er det gjeve nærare reglar for val og samansetjing av kontrollutvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver i tillegg til reglar for sakshandsaming og sekretariat.

Fylkestinget vedtok i oktober 2011 reglement for kontrollutvalet der oppgåvene til utvalet var omtalt.

Kontrollutvalet skal ved starten av kvar valperiode utarbeide ein plan for verksemda i utvalet i perioden. Kontrollutvalet fastset sjølv innhald og omfang. Informasjonsstrategien til utvalet

skal vere vedlegg til verksemdplanen. Fylkestinget vedtok verksemdplan for inneverande periode i FT-sak 52/12.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til fylkestinget. Det er fylkestinget som vedtek desse planane.

Fylkestinget handsama og vedtok Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 i FT-sak 49/12. Fylkestinget vedtok planen med nokre endringar. Endringane vart implementert i planen i etterkant av fylkestinget.

Plan for selskapskontroll vart vedteken av fylkestinget i FT-sak 39/12. Denne planen gjeld også for tidsrommet 2012 – 2016.

5 Budsjett og rekneskap

Kontrollutvalet sitt reviderte budsjett for 2012 var på 4,350 mill. kroner, fordelt på kontrollutvalet, sekretariat og kjøp av revisjonstenester.

Budsjettoppfølging har vore utført per tertial.

Rekneskap for 2012 viser eit forbruk på 4,313 mill. kroner, som er eit mindreforbruk på 0,037 mill. kroner.

Det er eit overforbruk på kontrollutvalet på 0,044 mill. kr, som er på grunn av meir utbetalt til dekning for tapt arbeidsforteneste enn budsjettert. Sekretariatet hadde eit meirforbruk på 0,037 mill. kr. som er forklart ved høgare forbruk på lønn og kontingentar enn budsjettert.

I handsaminga av tertialrapport 1/2012 fekk kontrollutvalet tilført 0,427 mill.kr. Dette skulle fordelast mellom kontrollutvalet med 0,105 og revisjonstenester med 0,322. Heile summen vart lagt inn budsjettet for revisjonstenester. Med ei fordeling i samsvar med intensjonen hadde revisjonstenestane kome ut med 0,013 mill. kr i mindreforbruk. Kontrollutvalet hadde kome ut med eit mindreforbruk på 0,061 mill. kr.

6 Revisjon av fylkeskommunen

Sogn og Fjordane fylkeskommune har avtale med to revisjonsfirma. Fylkeskommunen brukar SF revisjon IKS til utføring av finansiell revisjon og selskapskontroll. Dette er regulert i selskapsavtalen til SF revisjon IKS.

Til å gjennomføre forvaltningsrevisjon har fylkeskommunen rammeavtalen med Deloitte AS. Denne avtalen vart signert 10. Juni 2009, og gjaldt for eit år, med opsjon til å forlengje avtalen årleg i ytterlegare tre år. Fylkestinget har gjennom sine vedtak valt å forlengje avtalen, slik at avtalen no gjeld fram til 10.6.2013. Alle tre opsjonsåra er dermed nytta.

Kontrollutvalet starta sommaren 2012 opp arbeidet med anbudsprosess for å få på plass ny rammeavtale om kjøp av forvaltningsrevisjon frå 1.6.2013. Konkurransgrunnlag vart

offentleggjort 17.10.2012, med tilbodsfrist 14.12.2012. Det kom inn 5 tilbod, der det eine tilbodet måtte avvisast på grunn av forhold ved tilbodet. Fire tilbydarar vart kvalifiserte, og tilboda til desse fire tilbydarane vart vurderte opp mot tildelingskriteriane i konkurransegrunnlaget. Fylkestinget vedtok i FT-sak 1/13 å velje Deloitte AS som forvaltningsrevisor for dei neste to åra med opsjon for forlenging av avtalen med to år, etter tilråding frå kontrollutvalet.

7 Sekretariat for kontrollutvalet

Fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalet har tilfredsstillande sekretariatbistand. Sekretariatet har i 2012, som dei føregåande åra, bestått av ein person i heil stilling. Organisatorisk er sekretariatet (kontrollsjefen) direkte plassert under kontrollutvalet, og det medfører at kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvaret. Slik organisering er naudsynt for å sikre uavhengigheit til den administrative leiinga av fylkeskommunen, som er gjenstand for kontroll og tilsyn av kontrollutvalet.

8 Kontrollutvalet si verksemd 2012

8.1 Møteverksemd

I 2012 vart det gjennomført 8 møte i kontrollutvalet og utvalet handsama 46 saker. Fem av møta vart avvikla på fylkeshuset. Eit av møta var avvikla i Førde, Storehagen Atrium.

Eit møta vart avvikla hjå Firda vidaregåande skule på Sandane då kontrollutvalet ynskte å få kunnskap om skulen og Trivselshagen. Utvalet fekk omvising og orientering om historia og dagens situasjon for Firda Vidaregåande skule og Trivselshagen. Rektor Kjell Arnestad og Ola Terje Kroken var engasjerte vertar for kontrollutvalet.

Møtet 17. oktober var avvikla som telefonmøte. Dette møtet var ikkje sett opp i møte- og aktivitetsplanen for utvalet. Det vart avvikla for å få godkjent konkurransegrunnlaget for anbodet på forvaltningsrevisjonstenester.

Møta i kontrollutvalet var i 2012 gjennomført som opne møte.

Fylkesordførar, fylkesrådmann og revisorar får tilsendt møteinnkalling og alle sakspapir til møta i kontrollutvalet via OneNote. Sakspapir og møteprotokoll vert lagt ut på heimesida til fylkeskommunen. Dette gjeld ikkje for saker som er unnateke offentleg innsyn.

8.2 Fylkestingsaker frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet fremja ni saker til handsaming i fylkestinget i 2012. To av sakene utvalet fremja for fylkestinget var forvaltningsrevisjonsprosjekt:

- Forvaltningsrevisjon 2011 – Energi og miljø (FT-sak 2/12)
- Forvaltningsrevisjon 2012 – Samhandling på vegområdet (FT-sak 51/12)

Kontrollutvalet fremja sak om oppfølging av utført selskapskontroll av Firda Billag AS for fylkestinget (FT-sak 40/12). Saka omhandla gjennomføring av juridisk vurdering knytt til Lov

om offentlege anskaffingar og Offentleglova, der fylkestinget ba fylkeskommunen som eigar å ta saka opp med dei andre eigarane av selskapet.

Dei andre sakene som utvalet fremja for fylkestinget var desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala, rammeavtalen med Deloitte for leveranse av forvaltningsrevisjon og årsmelding til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet starta opp arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll november 2011. Prosjektplan for overordna analyse som grunnlag både for plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll vart vedteken av kontrollutvalet i KU-sak 2/12. Begge planane vart vedteken av fylkestinget hausten 2012 etter tilråding frå kontrollutvalet. I tillegg la kontrollutvalet fram utvalet sin eigen verksemdplan for fylkestinget hausten 2012.

8.3 Andre saker som kontrollutvalet handsama i 2012

8.3.1 Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2012

Bestillingsdokumentet med bestilling av finansiell revisjon og selskapskontroll vart handsama og vedteke på kontrollutvalsmøte i KU- sak 1/12. Bestillingsdokumentet vart sendt til SF revisjon IKS.

8.3.2 Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kontrollutvalet handsama i 2012 oppfølging av tidlegare gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt gjennom året. Ein del av oppfølgingspunkta i forvaltningsrevisjonsprosjekta er omfattande gjeremål som krev tid å få gjennomført. Det er innført rutine mellom sekretariatet for kontrollutvalet og fylkesrådmannen for denne oppfølginga.

8.3.2.1 Forvaltningsrevisjon 2010 – Minoritetsspråklege elevar – Oppfølging av rapport

Kontrollutvalet mottok notat frå Fylkesdirektøren for opplæring med oppfølging av dette prosjektet datert 1.3.2011. Notatet vart handsama i kontrollutvalet i KU-sak 8/12. Fylkesdirektøren gjer i notatet greie for det arbeidet som er gjort for å følgje opp fylkestinget sitt vedtak i saka (FT-sak 41/10). Det er utarbeidd ei handbok for minoritetsspråklege elevar, som mellom anna inneheld malar for dokumentasjon av vedtak som blir fatta i tillegg til kartleggingsverktøy for å avdekke behovet for individuell språkoplæring. Kontrollutvalet tok notatet til vitande. Oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen er med dette avslutta.

8.3.2.2 Forvaltningsrevisjon 2011 – Næringsretta tiltak – oppfølging

Kontrollutvalet mottok notat frå fylkesrådmannen 1.3.2012 med tilbakemelding om status for oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen. Notatet vart handsama i kontrollutvalet i KU-sak 9/12. Tilrådingane i rapporten var i 12 punkt. Notatet viser at mange av tilrådingane er oppfølgde, men at det står igjen oppfølging av nokre punkt. Kontrollutvalet tok notatet frå fylkesrådmannen til orientering, og ba fylkesrådmannen om å orientere utvalet når oppfølginga er ferdigstilt, seinast 31.12.12.

Kontrollutvalet mottok nytt notat (sluttrapport) frå fylkesrådmannen angående oppfølging av denne saka datert 27.11.2012. Dette notatet handsama kontrollutvalet i møte 22.1.2013 i KU-sak 4/13. Fylkesrådmannen peikar her på fleire av tilrådingane som er oppfølgt. Det står ennå igjen nokre punkt som i følgje fylkesrådmannen vil bli ivaretekne gjennom oppstart av arbeid med ny verdiskapingsplan, og av kontinuerleg god dialog med næringsapparatet og andre interessentar innan næringsutvikling. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 4/13 å ta notatet til vitande, og be fylkesrådmannen orientere utvalet om resultata av oppfølginga av prosjektet primo 2014.

8.3.2.3 Forvaltningsrevisjon 2011 – Læringsmiljøet i vidaregåande skule – Oppfølging av fylkesmannen sitt tilsyn

Kontrollutvalet hadde prosjektet «Læringsmiljøet i vidaregåande skule» med i planen for forvaltningsrevisjon for perioden 2010- 2012. Dette prosjektet var nær opp til fylkesmannen sitt tilsyn av det psykososiale miljøet i vidaregåande skule, der fylkesmannen gjennomførte tilsyn med fire av dei vidaregåande skulane i fylket. Kontrollutvalet bestemte då at prosjektet «Læringsmiljøet i vidaregåande skule» ikkje skulle gjennomførast, men at utvalet ville ha ei sak om oppfølginga av fylkesmannen sitt tilsyn, og dei pålegg som følgde.

Kontrollutvalet handsama oppfølginga av tilsynet med dei fire vidaregåande skulane i KU-sak 24/12. To av skulane, Flora og Høyanger fekk ingen pålegg etter tilsynet. Sogndal og Hafstad fekk pålegg om utbetring av i alt fem lovstridige tilhøve. Fylkeskommunen rapporterte til fylkesmannen om tiltak som var iverksett for å rette opp dei lovstridige tilhøva som var påpeikt. Fylkesmannen hadde ingen merknadar til tiltaka fylkeskommunen hadde sett i verk, og tilsynet vart dermed avslutta.

Kontrollutvalet tok oppfølginga av tilsynet til vitande, og konkluderte med at utvalet ikkje ville gjennomføre forvaltningsrevisjon av læringsmiljøet i vidaregåande skule på det dåverande tidspunktet.

8.3.3 Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2011

Kontrollutvalet ga i KU-sak 13/12 uttale til fylkestinget om årsrekneskapen 2011 på grunnlag av avlagt årsrekneskap, årsrapporten frå fylkesrådmannen og revisjonsmeldinga frå revisor.

8.3.4 Revisorbrev 01/2012

Kontrollutvalet mottok revisorbrev 01/2012 10.5.2012. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 14/12 å ta revisorbrev 1/2012 til etterretning og merka seg dei rutinemanglar og feil som revisor påpeikar i høve til rekneskapen 2011. I tillegg vedtok utvalet å be fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp brevet.

Sekretariatet for kontrollutvalet mottok 14.1.2013 kopi av brev frå fylkesrådmannen til SF revisjon IKS med oppfølging av Revisorbrev 01/2012. Kontrollsjefen gjekk gjennom oppfølginga saman med SF revisjon IKS. Konklusjonen av gjennomgangen var at feil og manglar som var påpeikt i revisorbrev 01/2012 var følgde opp eller vil bli følgt opp i samband med rekneskapsavslutninga av 2012-rekneskapen. Kontrollutvalet vedtok at vidare oppfølging av forholda i brevet vert gjort i samband med revisjon av rekneskapen 2012.

8.3.5 Prosessane rundt anbudet om båtruter i Florabassenget

Kontrollutvalet tok opp båtrutene i Florabassenget til diskusjon på møte 26.3.2012. Det vart i møtet fremja ynskje om å få ei orientering av fylkesrådmannen om saka. Fylkesrådmannen orienterte utvalet om saka i møte 22.5.2012. Kontrollutvalet ba sekretariatet om å førebu ei sak om prosessane rundt anbudet om båtrutene i Florabassenget. I KU-sak 19/12 vedtok utvalet å ta saka om prosessane rundt anbudet i Florabassenget til etterretning med bakgrunn i opplysningar som kom fram i møtet 20.6.2012 om at operatøren arbeider med å oppfylle kontrakten som var inngått.

8.3.6 Forvaltningsrevisjon 2012 – Innkjøp

Forvaltningsrevisjonsprosjektet Innkjøp vart vedteke bestilt i KU-sak 20/12. Prosjektplanen vart vedteken i kontrollutvalsmøte 3.9.2012. Prosjektet skulle opphavleg ferdigstillast 1.11.2012, men vart utsett til våren 2013 på grunn av omprioriteringar.

8.3.7 Engasjementsbrev frå SF revisjon IKS for 2012

Engasjementsbrev frå SF revisjon IKS vart handsama i KU-sak 27/12. I brevet stadfester SF revisjon at dei tek på seg oppdraget med å utøve finansiell revisjon av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kontrollutvalet tok brevet til vitande.

8.3.8 Selskapskontroll 2012 – Eigarskapskontroll av Lutelandet utvikling

Eigarskapskontroll av Lutelandet utvikling vart bestilt etter vedtak i KU-sak 32/12. Prosjektplanen for denne selskapskontrollen vart vedteken i KU-sak 41/12, der ferdigstilling av prosjektet vart sett til 1.3.2013.

8.3.9 Forvaltningsrevisjon 2012 – Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar

Dette prosjektet vart først bestilt som eit prosjekt «Fagopplæring og tilbodet til lærlingar. Etter diskusjon i fylkestinget om ei eventuell samanslåing av dette prosjektet med «Rekruttering til yrkesfagleg utdanning», som fylkestinget flytta fram i Planen for forvaltningsrevisjon, vart det i KU-sak 40/12 vedteke å slå saman prosjekta til det nye prosjektet «Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar». Ferdigstilling av prosjektet er sett til 8.5.2013.

8.3.10 Vurdering av uavhengigheit

Kontrollutvalet handsama uavhengigheitserklæring frå oppdragsansvarleg revisor i Deloitte AS og SF revisjon IKS i sakene 43/12 og 44/12. Utvalet tok uavhengigheitserklæringane til etterretning.

8.3.11 Oppfølging av utvalet sitt arbeid

Kontrollutvalet har i 2012 hatt ei fast sak om oppfølging av utvalet sitt arbeid. Dette er ei oppfølgingsliste som inneheld alle sakene utvalet har til handsaming, der sakene vert fjerna frå lista etter kvart som dei vert avslutta i utvalet.

I tillegg har utvalet også ei fast sak med skriv, meldingar og orienteringar. Her vert skriv som er aktuelle for utvalet lagt fram. Under denne saka får utvalet orienteringar frå eksempelvis

fylkesrådmann, revisor eller andre som utvalet vil ha ei eller anna form for orientering frå. Leiar i utvalet og kontrollsjef har eige orienteringspunkt i denne saka.

9 Andre forhold

I tillegg til punkta over har kontrollutvalet utarbeidd budsjett for utval, sekretariat og kjøp av revisjonstenester for 2013 og økonomiplan for perioden 2013 – 2016, møte- og aktivitetsplan for 2013 i tillegg til å ha arbeidd ein del med eigne rutinar for gjennomføring av årsplan og oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt og andre oppfølgingar. Utvalet har gjennom året innhenta opplysningar og stilt spørsmål til administrasjonen på fleire ulike område.

Det har også vore arbeidd med å få utvikla dei rutinar som er på plass mellom sentrale tilsynsorgan og tilsynet som kontrollutvalet er ansvarleg for. Dette arbeidet har resultert i at rutinar for kommunikasjon om tilsynsplanar har kome på plass, slik at unødig dobbeltarbeid kan unngåast.

Det har gjennom 2012 vore gjennomført eit opplæringsprogram for kontrollutvalet. Programmet starta med første møte i det nye kontrollutvalet hausten 2011. Opplæringsplanen har vore eit samarbeid mellom kontrollutvala i dei fire vestlandsfylka, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Opplærings- og utviklingsplanen har bestått i:

- Overordna orientering (8.11.2011)
- Politkaropplæring for fylkespolitikarane (28.11.2011)
- Fagopplæring januar 2012 (Solstrand – fellesprosjekt med Rogaland og Hordaland i tillegg til Møre og Romsdal)
- Studietur Brussel (september 2012, fellesprosjekt med kontrollutvala i dei øvrige fylkeskommunale kontrollutvala på vestlandet)
- Opplæringssekvens i KU-møta 2012
- Fagtur Oslo mars 2013 (Også fellesprosjekt med fylka på Vest-landet)

Utvalet sine medlemmar har i tillegg delteke på landomfattande konferansar i regi av Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og Norges Kommunerevisorforbund (NKRF).

10 Oppsummering

Kontrollutvalet legg vekt på å vere nyttige medspelarar for at fylkeskommunen skal nå sine mål. Kontrollutvalet legg også vekt på å bidra til å skape tillit til fylkeskommunen si verksemd. Kontroll og tilsyn er ikkje noko mål i seg sjølv, men eit middel for å nå dei oppsette måla.

Kontrollutvalet og sekretariatet håper det gode samarbeidet med fylkesadministrasjonen vil fortsette i 2013.

Kontrollutvalet legg årsmeldinga fram for fylkestinget.

Leikanger 28.5.2013

Arve Mjømen, leiar (s)

Per Rune Vereide, nestleiar (s)

Kari Maria Rutle Fjærestad (s)

Turid Vassliås Borgund (s)

Kåre Jarl Langeland (s)

Einar Ulla, kontrollsjef (s)